

# Referat fra Driftsstyre 13.02.2024

Tilstede:

Ester Fuglestad Priesner -elev

Lise Samuelsen- representant fra skulen

Ann Kristin Erga Herigstad- representant fra skulen

Karen Marie Vold- representant fra skulen

Elin Grødeland- FAU leder

Vegard Snoksrud-Stokland – Politiker

Ruth Elain Halstensen- Driftsstyre

Solgunn Simonsen Frøyland- Stedsfortreder for rektor

Sak 1/23-24 Konstituering av driftsstyret.

Leder: Ruth Elain

Nestleder: Elin Grødeland

Sekretær: Kenth Magne Åsebø-Trodal.

Politiker representant: Vegard Snoksrud-Stokland.

Elevrådsrepresentant: Ester Fuglestad Priesner

Styremedlem: Lise Samuelsen, Karen Marie Vold og Ann Kristin Erga Herigstad

Sak 2/23-24 Nytt fra elevråd.

Ester fortalte at det elevrådet denne hausten har arbeida med å få til fleire aktivitetar ute i skulegarden. Dei har fått merka opp bane til østen, paradis og slåball bane. Dette fekk elevane bruka av gåva som skulen fekk til 100 års jubileet. Elevane opplev at dei har reel påvirkning på skulekvardagen. Det er fint å ver elev på Orre. Det er mange kjekke ting ein kan vera med på som Orretalent, trivselelder kurs, og friminuttsaktivitetar.

Slik det er nå på skulen er det litt trangt så ein gler seg til å få nybygget på plass.

Sak 3/23-24 Nytt fra FAU

FAU er kome godt i gang dette skuleåret. Dei er informert om drifta på skulen og videre rehabilitering av 79-bygget (gamle ungdomsskulen).

79-bygget er under arbeid og skal stå klart i løpet av hausten 2024. Her vil skulen få 4 nye klasserom, samt ein skaparverkstad og sløydsal. Dette ser skulen fram til og det vil gje elevane betre rammer for trivsel, læring og utvikling.

Skulen er i gang med intervju av nye lærar til hausten. Skulen treng 3 nye pedagogar, noko som me håpar å få på plass. Det er få søkarar til stillingane og mange skular som kjempar om dei same gode folka.

FAU skal arrangere foreldremøte denne våren. Ein ynskjer då eit foredrag av politikontakten i kommunen. FAU ynskjer at elevar på mellomtrinnet får tilbod om å bli med på møte i lag med foresatte.

#### Sak 4/23-24 Nytt frå skulen

Ann Kristin fortalte at personalet på Orre er stabilt og med høg trivsel. Ny rektor og avdelingsleder er på plass og det oppleves bra i forhold til utvikling og læring. Lærarane opplever at dei blir sett og høyrt og faglig utvikling er i driv. Lærarane opplev utfordringar i elevmiljøet på grunn av liten fysisk plass. Det er trangt i gangane og ein har lite tilgang til grupperom. Ein gjer det beste ut av situasjonen men gler seg stort til å få betre plass.

#### Sak 5/23-24 Orrehallen

Økonomisk kompensering mellom kommunen og Orrehallen har vore oppe til politisk behandling. Skulen er ikkje ein del av konflikta som har utspelt seg. Skulen ynskjer eit godt samarbeid med andre aktørar i bygda og set pris på sambruk av fasilitetar som er knytta opp mot skulen. Skulen klarar nå ivareta kroppsøvingsfaget med bygga me har men ser at dersom me kan nytta idrettshallen noko så styrkar dette faget og moglegheitene. Skulen ynskjer eit samarbeid. Saka skal behandlast på nytt politisk og ein ser for seg at saka blir løyst og at me igjen kan nytta Orrehallen.

#### Sak 6/23-24 Neste møte.

Neste møte er satt til 28 mai kl 19.00.

#### Sak 7/23-24 Eventuelt

Politikar Vegard Snoksrud-Stokland fortalte at Klepp kommune har bestemt politisk at frå skuleåret 2024-2025 så blir driftstyre avvikla. Alle skular skal då ha SU som sitt styringsorgan. Dette skal vera likt på alle skulane i kommunen.

Referent:

Solgunn S. Frøyland